

## Ordføraren sitt hjørne – oktober 2016



Folketalet i Hemsedal veks . Det har det gjort jamt dei siste åra. Me runda 2000 innbyggjarar i oktober 2008, og no er me 2450 hemsedøler. Prognosane framover peikar i same retning. I 2040 skal folketalet vera ca 3600, og me vil ha ein mindre andel eldre enn dei fleste andre kommunar i Norge. Dette er statistikk og framskrivingar, men det er ein lågare årleg vekst enn me har hatt dei siste åra. Kommunen legg desse prognosane til grunn i planleggingsarbeidet vårt.

Distriktssenteret i Sogndal har sett litt på kvifor Hemsedal har den utviklinga me har hatt. Det er vanskeleg å vera skråsikre, men dei meiner at Hemsedal som ein attraktiv stad å bu er hovudårsaka. Det er triveleg tilbakemelding. Gode tilbod for fritidsaktivitetar, ung befolkning og «passe» urbane tilbod ved sida av god barnehagedekning og andre gode kommunale tilbod er summen av det som er positivt med å busetja seg i bygda. Distriktssenteret meiner det er eit livsstilsval , og ikkje som tidlegare at du busette deg der det var arbeid å få. Dette er tilbakemelding som me må bygge vidare på.

I kommunestyret er det dette året gjort fleire vedtak for å kunne gje barnehagetilbod utover det som er heimla innafor regelverket for full barnehagedekning , dvs for born som er 1 år eller meir pr. 1. september i opptaksåret. Me har utvida ei avdeling med 6 plassar for å auke kapasiteten, og me har endra rutinene for opptak. Dette går greitt no, men dersom fødselstalet aukar vil me raskt få plassmangel. Dette er noko me er veldig klar over, og i framlegget til Økonomiplan for 2017- 2020 har rådmannen lagt frem fleire alternativ for å møte dette. Kommunestyret har vedtatt full skulesentralisering ved skulen på Trøym, og barnehagar på Ulsåk og Tuv. Skulebygget på Ulsåk er i tenkt ombygd til barnehageavdelingar. Dette kan fyrst gjerast etter at ein ny skule på Trøym er ferdig. Det er antyda tidlegast i 2020. Det kan må gjerast noko før den tid, og det må me ha alternative løysingar for. Kommunestyret er veldig klar på at me skal ha gode barnehagetilbod i kommunen, og det står fast.

Økonomiplanframlegget legg opp til svært store investeringar i åra som kjem. Skule og barnehage er nemnt, men det trengs utvidingar på helsestasjonen, med plass for ambulansar, legekontor, fysioterapi og psykisk helse. I tillegg er det spørsmål om flyktningsbustadar og omsorgsbustadar . Meir samlokalisering av tenestene er drøfta i framlegget og store investeringssummar er lagt inn. Så store investeringar at sjølv innføring av eigedomsskatt på alle bygg i kommunen neppe dekker kapitalutgiftene. Det er eit godt arbeid rådmannen har gjort i budsjettframlegget, men det er mykje me politikarar må ta fatt i. Det er fleire prinsipielle spørsmål, og det er mange prioriteringar. Det har ikkje vore stor vilje til å innføre generell eigedomsskatt tidlegare. Kva som blir resultat no ser me i desembermøtet når budsjettet skal handsamast. Budsjettet/Økonomiplanen ligg på heimesida til kommunen dersom nokon vil setja seg inn i den. Den gjer både eit overordna bilete og ei god forståing av den daglege drifta.

Eg skreiv at det er bukvalitetar som teller mest når folk vel kvar dei vil bu, men folk må også ha ein arbeidsplass. Hemsedal har hatt aukande utpendling dei siste åra. Det er særleg pendling til arbeid andre plassar i Hallingdal, men ein del har arbeidet sitt lengre vekk enn det. Skal Hemsedal vekse slik prognosane seier må det skapast fleire arbeidsplassar i Hemsedal. Det er stor byggeaktivitet, og reiselivet veks. Det skapar ein del heilårsarbeidsplassar, men endå fleire kortsiktig i sesongen. Me har Strategisk næringsplan, Kommuneplanen og fleire reguleringsplanar som legg til rette for utvikling. Kommuneplanen er i startgropa for revidering. Det er der dei overordna arealdisponeringar skal takast. Frist for innspel er 25. oktober, og arbeidet går fram til vedtak i 2018. Det er lange prosessar med høyringar og justeringar undervegs. Hemsedal står ikkje stille medan me ventar på nytt vedtak. Gjeldande planer gjeld til nye er vedtatt.

Det er mykje å gripe fatt i og det er artig at det er fart framover!

Medan me ventar på skiføret,  
helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører